

Sak 26-26 REDUKSJON AV UTSLEPP I HALLINGDALSVASSDRAGET**Bakgrunn:**

Vassførekomsten Krøderen har fått endra tilstand frå god til moderat, på grunn av auka fosforbelastning. Dette utløyser strengare utsleppskrav (etter Vassforskrifta) frå statsforvaltar, særleg knytt til forbod mot forverring og krav om å nå miljømål for vassdraget innan 2033. Me opplever no ei strengare praktisering av lovverket som kan få innverknad på utbygging og utvikling i Hallingdal.

Statsforvaltar har etter vassforskrifta ikkje er høve til å godkjenne nye tiltak som:

- fører til forverring av tilstanden i ein vassførekomst, eller
- gjer det vanskelegare å nå fastsette miljømål

Hallingdal står samla ovanfor utfordringar knytt til framtidig utvikling, særleg der nye utslepp eller auka belastning kan påverke Krøderen.

Hallingtinget hadde saka oppe i april og fatta slikt vedtak:

1. *Hallingtinget sluttar seg til ei regional og systematisk tilnærming der målet er å oppretthalde utvikling i Hallingdal samstundes med at ein jobbar for å nå miljømåla for Krøderen.*
2. *Hallingtinget ber Regionrådet for Hallingdal sette ned ei arbeidsgruppe som skal jobbe med utfordringane i forbindelse med utslepp i vassområdet.*

Dette er ei oppfølging av saka frå Hallingtinget. Regionrådet skal ta stilling til korleis ein kan jobbe systematisk med utsleppsreduksjon i vassdraga våre, korleis dette arbeidet bør organiserast og kor ein bør sette inn innsatsen først.

Vurdering

Det å jobbe med utsleppsreduksjon til vassdraga i Hallingdal er ikkje nybrottsarbeid. Det blir det jobba med dagleg, og det har det vorte jobba med lenge. Strengare tolking av vassforskrifta krev likevel at me gjer endå meir på området om me skal fortsette anna næringsutvikling i dalen. Det er derfor viktig å presisere at det me no skal i gong med, er ei styrking av det målretta, kunnskapsbaserte og interkommunale arbeidet som er naudsynt for å redusere fosforutsleppa til elva. Det er viktig at heile dalen er med, både offentleg og privat sektor, og det blir viktig at ein prioriterer tiltak der effekten er størst.

I eit slikt arbeid blir kommunikasjon, dialog og faktabasert informasjon viktig. Ein må ha god kommunikasjon med kommunar, bedrifter og private om kva tiltak som skal gjerast og kvifor, og så må ein ha dialog med statsforvaltar og andre myndigheiter om andre aspekt knytt til utsleppsreduksjon, vasskvalitet og anna.

Dette kan bli ein relativt omfattande sak, men med strukturert innsats som styrker og bygger på det arbeidet som allereie er sett i gong, vil kommunane ha gode føresetnader for å oppfylle miljømåla i vassforskrifta.

Slik det ser ut no har me god kunnskap om tilstanden i vassdraget og me har god oversikt over dei ulike kjeldene til fosfor i vassdraget, inkludert landbruk, spreidd avløp, kommunalt reinseanlegg, og naturlege tilførsler.

Deltakarar i arbeidet

Det er avgjerande med brei deltaking og god samhandling mellom relevante aktørar for å lukkast. Me foreslår å organisere det med ei arbeidsgruppe med representantar frå desse instansane:

- Kommunar. Her bør TLF, landbruk og VA vera representert
- Kommunalt avløpstilsyn og vassforvaltning (KAV)
- Berekraft Hallingdal
- Ev. andre

Ein kan i tillegg . og ved behov styrke arbeidsgruppa med

- Statsforvaltaren med fagleg støtte og rettleiing
- Andre representantar frå landbruksnæringa ev. Grønt Fagsenter Buskerud
- Eigarar av private avløpsanlegg, industriverksemder e.l
- Fagmiljø og rådgjevarar (til dømes innan landbruk og hydrologi)
- Ev. andre

Styring/leiing

Arbeidsgruppa rapporterer til Regionråd og Vassområde Hallingdal

Arbeidet bør byggje på følgjande hovudelement (dette er også skisse til mandat til arbeidsgruppa):

- Ev. oppdatering av kartlegging av kjelder til fosfor i vassdraget, inkludert landbruk, spreidd avløp, kommunalt reinseanlegg, industri og naturlege tilførsler
- Prioritering av innsatsområde basert på kvar tiltaka vil gi størst effekt
- Utvikling av ein konkret tiltaksplan, der ansvar, framdrift og finansiering er avklart
- Gjennomføring av tiltak
- Løpande overvaking og evaluering, slik at ein kan justere innsatsen undervegs

Forslag til vedtak:

1. Regionrådet opprettar ei arbeidsgruppe som skal jobbe med utfordringane i samband med utslepp i Hallingdalsvassdraget. Arbeidsgruppa blir sett saman slik:
 - Representant frå Berekraft Hallingdal
 - Representant frå kommunalt avløpstilsyn og vassforvaltning (KAV)
 - Teknisk sjef i ein av kommunane
 - Representant for landbruksavdelinga i ein av kommunane
 - Representant for VA i ein av kommunane
2. Arbeidsgruppa får følgjande mandat:
 - Prioritering av innsatsområde basert på kjent kunnskap om kjelder til fosfor i vassdraget, inkludert landbruk, spreidd avløp, kommunalt reinseanlegg, industri og naturlege tilførsler. Ein må legge vekt på kvar tiltaka vil gi størst effekt
 - Lag utkast til konkret tiltaksplan, med forslag til ansvarsfordeling, framdrift og finansiering
 - Dette blir presentert på Regionrådsmøte i september og møte i vassområde Hallingdal til hausten
3. Teknisk leiarforum (TLF) blir bedt om å plukke ut konkrete representantar og koma med presiseringar til mandatet i sitt møte den 12. juni

Hallingdal, 20. mai 2026

Jan Olav Helling
Dagleg leiar